

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 7. desember 2017

SAKLISTE

- SKRIV OG MELDINGAR
- DELEGASJONSSAKER
- BUDSJETT FOR 2018 MED REVIDERT HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN
- REGULERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET 2017
- DIGITALISERING I KOMMUNESEKTOREN- INVITASJON TIL Å DELTA I FINANSIERINGSORDNING FOR DIGITALISERINGSPROSJEKT
- FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB. 2018
- INVITASJON TIL ETABLERING AV VEST BRANN- OG REDNINGSREGION
- INVITASJON TIL Å TEIKNE AKSJAR I VITENSENTERET I SOGN OG FJORDANE
- KOSTNAD FOR GRAVLEGGING FOR PERSONAR HEIMEHØYRANDE UTANFOR GULEN KOMMUNE
- NGIR. MYNDE TIL FAKTURERING OG INNKREVIING PÅ VEGNE AV GULEN KOMMUNE
- NORDHORDLAND SITT KANDIDATUR TIL Å BLI UNESCO BIOSFÆREOMRÅDE
- OMORGANISERING AV DEN INTERKOMMUNALE REVISJONEN I SOGN OG FJORDANE
- TILSKOT OG FORSKOTERING AV SPELEMIDLAR TIL BRANDANGERSUND SAMFUNNSHUS
- RULLERING AV HANDLINGSPROGRAMMET TIL KOMMUNAL PLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET

Stad og tid: Dalsøyra Samfunnshus kl. 10.00.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Kjære alle.



Den 27. oktober var Gulen kommune vertskap for felles fylkesting for Sogn og Fjordane og Hordaland. Sjølvfylkestingsmøtet fann stad på Dalsøyra barne- og ungdomsskule. Der var det først drøfting i plenum, før dei to fylkestinga gjekk kvar

til sitt for å drøfte og stemme i separate fylkesting.

Fylkestinga gjorde likelydande vedtak om at dei vil kalle det nye fylket for Vestlandet. Det trer i kraft 1. januar 2020. Det har i etterkant vorte mange meiningar om det navnet, og eg lanserte Gulating som navn på den nye regionen, noko som kunne ha synt historia for dette området, og stadfesta kva Gulen har hatt å seia for demokratiet. Eg ser at Språkrådet også meiner at Gulating eller Gula er eit godt navn, så det er enno håp.

Dei gjorde også vedtak om at det nye fylkestinget skal ha 65 medlemar, og ei fellesnemnd skal leie prosessen vidare. Etter dei formelle møta vart det lunsj på Gulating hotell, og sidan var det klart for høgtidleg markering på Tusenårsstaden Gulatinget. Her deltok kjende artistar frå dei to fylka under leing av konferansier Sigrid Moldestad. Det er veldig kjekt at dette tinget vart lagt til Gulen, vi får vise begge fylkesting vår betydning i historia, og ikkje minst kor sentralt geografisk vi ligg i den nye regionen.



Foto: Hordaland Fylkeskommune

Vi har i det siste fått sett kor viktig vegane våre er, for raset ved Dalsøyra sette oss alle på prøve. Skuleborna som kom med buss fekk problem, og alle som skulle forbi rasstaden frå eller til arbeid fekk lange omvegar.

I tillegg såg det ut til at det skulle verte langvarig. Heldigvis gjekk det raskare å få ordna det enn vi frykta, og eg vil takke alle for tolmodet. Kontakten mot Vegvesen og Fylkeskommune har vore god, og alle har

gjort det ein kan for at vegen skulle komme på plass att.

Jula nærmar seg, og med den budsjett-arbeidet i kommunen. Vi merkar at det vert trongare tider, og at det ikkje vert teke nok omsyn til så spreiddbygde kommunar som vår. Det vert eit utfordrande arbeid for kommunestyret den 7. desember og vi må alle jobbe for at også vår kommune kjem betre ut i framtida.

Eg vil ynskje dykk alle ei god og fredfull jul ilag med dykkar kjære.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Kunngjering:

Budsjett 2018 med revidert handlings- og økonomiplan 2018-21

Forskrift om gebyr, avgifter, husleiger osv. 2018

Framlegg til desse sakene ligg til offentleg ettersyn ved ekspedisjonen i kommunehuset og på heimesida.

Fram til og med **06.12.2017** er det høve til å kome med merknader til sakene. Merknader kan sendast til kommunen anten per post eller e-post.

Eigedomsskatt for eigedomar i Gulen kommune - eigedomen din får no ny takstverdi

I hovudsak er no all synfaring av eigedomar ferdig. Gulen kommune har sjølv stått for arbeidet med hus, hytter og næring. Innleigd takseringsfirma har stått for arbeidet med verk og bruk.

Takseringsmetode

Det er nytta ulike metodar for å takserer dei ulike eigedomane. Ein skal for alle metodane kome fram til ein objektivisert salsverdi. Forenkla kan ein seie at verk og bruk vert taksert ut i frå teknisk verdi, nærings-eigedomar skal normalt takserast ut i frå marknadsmessig vurdert leigepris, og for bustader/fritidsbustader og andre bygg vert

det i hovudsak nytta verditakst basert på kvadratmeterpris for bygning og tomt.

Korleis slår dette ut for min eigedom?

Tek vi fram hus og hytter som eksempel så vil taksten vere basert på omsetningstal for hus og hytter i Gulen kommune dei siste 10 åra. At taksten på eigedomen din stig er naturleg då taksten sist var fastsett i 2009. Takstauken gjenspeglar den marknadsmessige utviklinga for hus og hytter i Gulen. Vi ser at hus i snitt stig med ca. 30% i takstverdi og at hytter i snitt stig med ca 40% i takstverdi.

Den taksten du no får på eigedomen din skal etter planen stå i 10 år framover, dersom det ikkje skjer noko med/på han (t.d tilbygg, påbygg, grensejusteringar og liknande.) . Ved vurdering av eigedomsverdi er det lagt vekt på at vurderingane må vera varsame og nøkterne. For å sikre dette tek me (mellom anna) stikkprøvar på eigedomar me veit har vore omsett i seinare tid. Då samanliknar me ny takstverdi opp i mot reell salsverdi. Stikkprøvane viser at takstverdiane ligg under reell salsverdi.

Kva skjer vidare?

Arbeidet med å registrere alle objekta vert slutført i november og desember. Deretter vert faktagrunnlag for eigedomane sendt eigarar og det vert høve til å få korrigere faktafeil som t.d areal på bygg og tomt.

Skattelister vert lagt ut 1. mars 2018.

Informasjon frå Gulen legekantor

Frå 1. Oktober er Gulen legekantor eigd og drive av kommunen. Dette inneber at vi som jobbar her, også legane, har ordinær arbeidstid frå 08:00 til 15:30. For at legane skal ha tid til å gjennomføre alle arbeidsoppgåver på dagtid, går det ut over kor mange pasientar vi klarer å ta imot i løpet av dagen.

Som eit resultat av omlegginga, og det faktum at bruken av legane aukar, vil mange oppleve at ein får time litt fram i tid. Dette er beklageleg, men det er dessverre slik på dei fleste legekantor. Kontakt oss i god tid for fastlegetime. Med god planlegging har vi betre tid til å ta oss av dei som har behov for legevakt.

Telefonen vår er betjent frå klokka 08:00, men før klokka er 09:00 og mellom 12:00 og 13:00 ynskjer vi berre telefonar knytt til

behov for legevakt. Vi har veldig press på telefonen.

Heimeside

Gulen legekantor har fått eiga heimeside; www.gulenlegekantor.no. Her kan du bestille legetime, reseptar og finne informasjon. Meldingar frå sida vert handtert fortløpande og avlastar telefonen. Ettersom det kostar 6 kr å få svar frå oss, vert det berre svart på timebestillingar og andre konkrete spørsmål som treng eit svar. Reseptbestillingar lagar vi til innan kort tid, men vi sender ikkje tilbakemelding på at dette er gjort.

Influensavaksine

Alle over 65 år, mange av dei med kroniske sjukdomar og gravide i 2. og 3. trimester er spesielt anbefalt å ta vaksina. Vi har framleis fleire vaksiner for dei som ynskjer det. Den kostar 150 kroner.

Gulen legekantor

OPNINGSTIDER I JULA

Ekspedisjonen:

Ekspedisjonen/sentralbordet er ope i romjula frå kl. 10.00-14.00.

Legekantoret:

Legekantoret i Eivindvik vil berre vere ope for legevaktspasientar i normal opningstid i romjula.

Tannklinikken:

Eivindvik tannklinikk blir stengt frå 21.12.17 t.o.m 02.01.18.

Minner igjen om nytt hovednummer til tannklinikken, 57636890.

Direktenr:

Tannlege	57636891
Tannpleiar	57636892
Tannhelsesekretær	57636893

Ringer du direkte til ein av oss, vil du kun få svar viss vi er tilstades. Vi på tannklinikken vil ynskje alle ei riktig god jul!



Hjortejakta 2017



Hjortejakta i Gulen 2017 varer frå 01.09.2017 til 23.12.2017. Årets hjortejakt nærmar seg derfor slutten, og med det kjem tida for rapportering. Me minner difor om at alle jaktfelt må levere *Sett hjort-skjema* og *slaktevektskjema* til sin valdansvarleg.

Valdansvarleg sender desse skjema vidare til kommunen saman med skjemaet *Fellingsløyve og fellingsrapport for 2017*.

Eit godt alternativ er at berre rapportskjemaet vert sendt inn til kommunen og jegarane fører sine sett hjort data, felt hjort og slaktevekter på «Sett og Skutt».

Fristen for innsending til kommunen er 3. januar 2018.

Tips til julegåver

I ekspedisjonen har i ei rekkje flotte bøker til sals.

Brekke: Tun og Ætt	kr 550,-
Gulatinget	kr 268,-
Gulatingboka	kr 350,-
Gulen i gammel og ny tid (per bok)	kr 500,-
Gulen i gammel og ny tid I-III	kr 1000,-
Vestlandskunstnaren	
Mons Breidvik	kr 248,-
Tjuvar, drapsmenn, bønder og Kongar	kr 270,-
Turkart over Gulen	kr 150,-

I år kan du også kjøpe «Katinkas jul» som er ein lokalhistorisk skriftserie frå Gulen Fiskarbondemuseum. I dette heftet får du innblikk i Katinka frå Byrknes si julefeiring i 1907. Pris for denne er kr 180,-.

Alle bøkene ligg for sal i ekspedisjonen på kommunehuset. Du kan også tinge bøker via telefon eller e-post.



Nytt Dagsenter 2017

I haust starta vi med Dagsenter for personar med kognitiv svikt, på den nyoppussa Gamlestova ved Gulen Sjukeheim.

Dagsenteret er ope måndag og torsdag frå kl. 10.00 til kl. 15.00. Deltakarane vert henta om morgonen og køyrt heim på ettermiddagen av sjåfør gjennom Frivillig-sentralen.

Utanom måltid, frukost/lunsj og middag, er deltakarane med på ei rekke ulike aktivitetar, saman med ein aktivtør og ein assistent. Sjå nokre døme på bilda under.

Er dette noko som kan vere aktuelt for deg, eller ein av dine næraste, ta kontakt med Demensteamet.



Vil med det same takke Eivindvik sanitetslag for pengar til utstyr, og takke alle frivillige som har delteke på ulikt vis.

Demensteamet,
Miek Norman, tlf. 41 61 09 72 og
Oddny Trædal tlf. 95 70 25 51.

Takk

Tusen takk for gåver til Byrknes bu- og omsorgssenter i forbindelse med gravferder i 2017.

Mvh, Bebuarar og personalet

Basar for dementavdelinga

16. november 2017 arrangerte vi basar på gamlestova, i regi av dementavdelinga. Det var godt oppmøte, og vi hadde ei veldig koseleg stund med kaffi og kaker, åresal og trekking av loddbøker. Det var mange som var flinke og stilte opp å hjalp oss, og ei spesiell takk til gutane Per Fosse, Tor Fosse og Sindre Indrebø som hjalp oss med åresal på kort varsel.

Til saman fekk vi inn rundt kr 29 000! Pengane skal gå til ulike trivselstiltak på avdelinga, både i sansehage og innandørs.

Vi vil med dette få takke hjarteleg til alle som har støtta oss, anten ved å gje gevinstar, kjøp av lodd, sal av lodd, oppmøte og ikkje minst positive tilbakemeldingar. Utan dykk hadde det ikkje gått.

Beste helsing alle oss på dementavdelinga v/avdelingssjukepleiar Synnøve B. Gill

Fredheimtunet Aktivitetsenter

Fredheimtunet Aktivitetsenter ligg ved Dalsøyra samfunnshus. Der er ope alle kvardagar bortsett frå tysdagar. Onsdagar er aktivitetsdag og for tida reiser vi på bading. Vi lagar tennbriketter, lys, kort, til og frå lappar, nøkkelskrin, ulike boksar for oppbevaring, pyntar fyrstikkesker, 60 L sekker med ved og kvist, sitteunderlag og mykje meir.

Ynskjer du å handle hos oss kan du betale med vips eller kontantar. Fredheimtunet har ei eiga Facebook side –du må gjerne fylje oss.

Fredheimtunet har sju brukarar til ulike tider og dagar gjennom veka. Me har eit godt samarbeid med Dalsøyra skule og barnehage, Diamanten kafé, Dalsøyra handel, ulike private gardbrukarar, Wergeland Halsvik, vaktmesteroppgåver ved Gulen sjukeheim og kommunehuset. Vi har og ansvar for alle legata ved Gulen Kyrkjekontor.

Ein skulle være 4 år i Romjul skriv Alf Prøysen. Førjulstida er ei god stund både for stor og små.

Vi ved Aktivitetsenteret har lyst til å vise dykk kva vi lagar no i førjulstida. Det vil vi gjere med å stå på stand i Butikken på Dalsøyra den 01.12.2017 kl 11:30-14:30. Kom å sjå!!

Opningstida for senteret er frå 08.00 til 15.30. Vi tar gjerne imot besøk i opningstida, det er og mogleg å få handle noko av det fine vi lagar her.

Har du lysstumpar du vil verte kvitt tar vi gjerne imot dette. Ta kontakt med Bjørg Johanne Haugland på mob 48 00 11 26.

Mvh Einingsleiar Bjørg Johanne Haugland m/personal.

Vil du støtte kjøp av sykklar til sjukeheimen?



Frivilligsentralen ynskjer å bidra til aktivitet på Gulen Sjukeheim. Mellom anna ynskjer me å kunne tilby bebuarane ein Motiview-sykkel og ein Taxa-sykkel!

Er det private aktørar, nokon i næringslivet eller lag og organsiasjonar som kan vere med å spleise på ei slik investering? Begge syklane kostar om lag 70000 kroner kvar.

Motiview-sykkel:

Når ein sykklar på sykkelen fører bildet på skjermen oss langs ruta, brukaren kan slik få opplevelsen av å sykle på kjende vegar. Dette skaper motivasjon og aktivitet.



Taxasykkel:

Ledsagar sykklar og to personar sitter på framme. Brukarane får komme ut i frisk luft.

Om nokon vil bidra, ta kontakt med Gulen Frivilligsentral, Vivian Våge (57782066)

Digital sjukemelding –informasjon til sjukemeldte

Frå 15. januar kan du sende sjukemeldinga digitalt til arbeidsgjevaren din i staden for å levere den på papir. Du vil få ein SMS eller e-post frå NAV med ei lenke kort tid etter at du er blitt sjukemeldt. Dersom du klikkar på lenka og loggar inn på nav.no, blir du sendt direkte til «[Ditt sykefravær](#)». Der finner du sjukemeldinga di, pluss nyttig informasjon om kva som skjer under sjukefråværet.

NAV Gulen opningstider utan avtale:

Tysdag og torsdag frå klokka 09.00-14.00.

Dersom brukarar henvender seg i ekspedisjonen, kan me kontaktast dersom det gjeld behov for akutt økonomisk sosialhjelp, dvs nødhjelp.

Gjeld det spørsmål om pensjon skal brukaren ringe tlf.nr. 5555 3334.

Ved alle andre spørsmål eller for å avtale eit møte med oss, skal brukaren ringe NAV kontaktsenter på tlf.nr. 5555 3333.

Informasjon om kommunale krav

Dersom rekningar eller inkassovarsel frå kommunen ikkje vert betalt innan fristen, sender kommunen kravet til inkassoselskapet Lindorff, som startar sine innkrevjingsprosedyrar.

Inkassosalær/gebyr/renter som skuldnaren til slutt må betale aukar etter kvart som ein når dei ulike stega i innkrevjingsprosessen.

Kommunen har i mange høve gjort individuelle tiltak for å prøve å unngå at dei som ikkje betalar får ein stor auke på kravet i form av salær/gebyr. Dette arbeidet er svært tidkrevjande, og kommunen kan ikkje prioritere dette framover. Frå no vil difor ubetalte rekningar gå vidare til ordinær innkrevjing i Lindorff etter at inkassovarsel ikkje vert betalt innan frist.

Kva gjer du dersom du ikkje kan betale rekninga?

Dersom du har vanskar med å betale ei rekning frå kommunen innan frist, oppfordrar vi deg om ta kontakt med økonomiavdelinga i kommunen. Då kan vi avtale betalingsutsetjing eller vurdere betalingsavtalar. Du kan også ta kontakt med NAV- Gulen og be om økonomisk rådgjeving. NAV vil då kunne hjelpe deg med til dømes å gå gjennom og få oversyn økonomien din, bidra med råd og evt. vurdere om du kan ha rett til ytingar frå NAV.

Sjå heimesida vår, www.gulen.kommune.no for meir informasjon om kommunale krav.

Preikeliste i Gulen, Brekke og Mjømna kyrkjer ut året

Laurdag 9.12. kl. 16.00: Gulen kyrkje. Adventskonsert.

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

Søndag 10.12. kl. 13.00: Risnehall, Brekke. Adventsverkstad.

Familiegudsteneste kl. 15.30: Jens Linde. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

Laurdag 16.12. kl. 16.00: Brekke kyrkje. Adventskonsert.

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

17.12. kl. 16.30: Mjømna kyrkje. Adventskonsert.

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

24.12. kl. 11.00: Mjømna kyrkje. Jens Linde. Takkoffer: Kirkens nødhjelp

24.12. kl. 14.00: Brekke kyrkje. Jens Linde. Takkoffer: Kirkens Nødhjelp

24.12. kl. 16.00: Gulen kyrkje. Jens Linde. Takkoffer: Kirkens Nødhjelp

25.12. kl. 12.00: Gulen kyrkje. Jens Linde. Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Stefanusalliansen

26.12. kl. 11.00: Byrknes bedehusapell. Jens Linde. Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Stefanusalliansen

31.12. kl. 23.00: Brekke kyrkje. Jens Linde. Midnattsgudsteneste. Takkoffer: Redd Barna

Teaterframsyning: «Miriam si forteljing»



Laurdag 9. desember kl. 18.00 syner Sogn og Fjordae teater Håvard Rem si gjenforteljing av juleevangeliet i Brekke kyrkje.

I Håvard Rem sin tekst er det Miriam, søstera til Josef og ei kvinne av folket, som fører ordet. Gjennom henne kjem ein ikkje berre tett innpå menneska og omstenda rundt Jesu fødsel, men også dei urolege og spente tidene desse menneska levde under. For også på den tida var det store spenningar mellom Europa og Midtausten.

Miriam si forteljing - juleevangeliet, er eit forsøk på ei meir jordnær tilnærming til denne fasinerande historia som på ein måte pregar heile vår kultur, og kanskje er det viktigare enn nokon gong å lytte til ei stemme frå historia, noko juleevangeliet nettopp er.

Idun Losnegård har rolla som Miriam, syster til Josef.

Billettar får du kjøpt ved inngangen.



INFORMASJON OM TELEUTFALL PÅ NORSK, ARABISK, POLSK OG ENGELSK

I Gulen kommune opplever me frå tid til annan at deler av kommunen får totalt teleutfall. I situasjonar der fasttelefon, mobilsamband og fiber/nett er ute er det viktig at de som innbyggjarane kjenner til at det finst alternativer dersom de skulle vere i ein situasjon der liv og helse står i fare og de treng hjelp.

I slike situasjonar vil det som oftast framleis vere mogleg å bruke nødnettet. Nødnett er eit lukka beredskapsnett for politi, brannvesen, helsetenesten og andre aktører med eit nød- og beredskapsansvar.

I Gulen kommune har desse personane tilgang til nødnettapparat:

- Mannskap i brann- og redningsetaten
- Legane
- Ordførar, rådmann, og ass. rådmann

I tillegg et det stasjonert eit nødnettapparat på kvart bu- og omsorgssenter (i Eivindvik – på Gulen sjukeheim).

Ved krisehendingar vil Gulen kommune informere på heimesida www.gulen.kommune.no og i særskilte tilfeller gjennom SMS varslng.

البلدية تتعرض لانقطاع كامل لشبكة الاتصالات. وفي الحالات التي ينقطع فيها الاتصال عن طريق الهواتف الأرضية وشبكة الجوال وشبكة النت / الفايبر، فمن المهم أن يكون سكان البلدية على دراية بأن هناك بدائل في المواقف الطارئة التي قد تشكل خطورة على حياة الإنسان وسلامته ويحتاج الناس فيها للمساعدة. وفي مثل هذه المواقف فعادة ما يكون من الممكن استخدام شبكة الطوارئ، وشبكة الطوارئ هي شبكة تأهب مغلقة خاصه بالشرطة والمطافئ والخدمات الصحية والجهات الأخرى التي عليها مسؤوليات في حالات التأهب والطوارئ.

لدى هؤلاء الأشخاص إمكانية استخدام أجهزة شبكة الطوارئ في بلدية "غولين":

طاقم هيئة الإنقاذ والمطافئ
الأطباء

رئيس البلدية والمدير الإداري في البلدية ونائب المدير الإداري بالإضافة لوجود جهاز لشبكة الطوارئ في كل مركز من مراكز السكن والرعاية (في "ألفينديك" - وفي دار "غولين" للمسنين)

-

في حالات الأزمات ستقوم بلدية "غولين" بإعطاء معلومات على صفحة الإنترنت www.gulen.kommune.no وفي الحالات الخاصة سيتم الإخطار عن طريق رسائل نصية SMS.

Tłumaczone z norweskiego

W gminie Gulen zdarza się od czasu do czasu, że w niektórych jej częściach całkowicie zanika łączność telefoniczna.

W sytuacjach, kiedy nie działają telefony stacjonarne, sieć komórkowa ani światłowody/Internet, ważne jest, żebyście wy jako mieszkańcy wiedzieli, że istnieją inne alternatywy, gdybyście znaleźli się w sytuacji zagrożenia zdrowia lub życia i potrzebowali pomocy.

W takich sytuacjach będzie najczęściej nadal możliwe korzystanie z kryzysowej sieci łączności (nødnett). Jest to zamknięta sieć łączności kryzysowej dla policji, straży pożarnej, służby zdrowia i innych instancji odpowiedzialnych za bezpieczeństwo publiczne i w wypadku wystąpienia sytuacji kryzysowych.

W gminie Gulen następujące osoby mają dostęp do sieci łączności kryzysowej:

Personel służb przeciwpożarowych i ratowniczych

Lekarze

Burmistrz, szef administracji gminnej i jego zastępca

Oprócz tego każdy ośrodek mieszkalno-opiekuńczy posiada aparat sieci łączności kryzysowej (w Eivindvik – w domu opieki Gulen sjukeheim)

Przy zdarzeniach kryzysowych gmina Gulen będzie informować mieszkańców o sytuacji na swojej stronie internetowej www.gulen.kommune.no, a w sytuacjach szczególnych - poprzez ostrzegawcze SMS-y.

Emergency Network

In Gulen we occasionally experience that part of the municipality lose telecommunications.

When this happens, it will still be possible to use the Emergency Network if you are in a situation where your life or health is in danger. This network is a closed emergency network that is used by the police, fire department, healthservices, and by a few other people who have a special responsibility in case of an emergency situation.

In Gulen municipality the following groups/people have access to the emergency network:

- Firemen
- Doctors
- Mayor, municipal executive, deputy municipal executive

In addition, you will find one network terminal stationed at each of our senior centers (in Eivindvik – at Gulen sjukeheim)

In case of emergency, Gulen municipality will provide information on the official website www.gulen.kommune.no and in special situations by sending out text messages.



- Taxi
- Rullestol
- Minibuss

Tlf. 577 83 100

God Jul

